

Alpinkomiteen@

Sakshand.: YT

Dato: 16.04.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll/13-15

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 09 I ALPINKOMITEEN, 2013-2015</b>
---

**Stad:** Skei, Thon Skei Hotell  
**Tidspunkt:** Torsdag 16. april, kl. 18.00-21.00

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**RAPPORTERING**

**SAK 57 13-15**      **Rekneskap 2014**  
**SAK 58 13-15**      **Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 59 13-15**      **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**SAK 60 13-15**      **Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 05.02.2015**  
**SAK 61 13-15**      **Evaluering av sesongen 2014-2015**  
**SAK 62 13-15**      **Handlingsplan 2014-2015**  
**SAK 63 13-15**      **Fjord1 samlingar 2015-2016**  
**SAK 64 13-15**      **Vårmøtet / Skikrinsting 2015**  
**SAK 65 13-15**      **Økonomisk støtte i samband med representasjonsoppdrag**

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 66 13-15**      **Status markedsarbeid 2014-2015**

**EVENTUELT**

**SAK 67 13-15**      **Styrking av egenkapital i AK**

**TIL STADES:** Lilly Schøyen, Atle Hamar, Rune Espe, Martin Hopland og Yngve Thorsen

**FORFALL:** Olaf Betten

**MERKNADER:**

**REFERENT:** Yngve Thorsen

---

## REFERATSAKER

### RAPPORTERING

#### SAK 57 13-15

##### **Rekneskap 2014 Bakgrunn**

Rekneskap 2014 er utsendt på førehand.  
Adm. sjef presenterte rekneskapen.

Rekneskapen for 2014 syner driftsinntekter på kr. 1 031 354,61, driftskostnader på kr. 1 024 803,53 og eit positivt resultat på kr. 6 551,08, mot eit budsjett i 2014 i balanse.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner rekneskapen for 2014.

#### SAK 58 13-15

##### **Rekneskapsrapport pr. 31.03.2015 Bakgrunn**

Adm. sjef presenterte rekneskapsrapport pr. 31.03.2015 i møtet.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

#### SAK 59 13-15

##### **Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn**

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste

#### SAK 60 13-15

##### **Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 05.02.2015 Bakgrunn**

Protokoll frå møte i alpinkomiteen 05.02.2015 er vedlagt.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen godkjenner protokoll frå møte i alpinkomiteen 05.02.2014.

### SAK 61 13-15

#### **Evaluering av sesongen 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Komiteen evaluerte sesongen 2014-2015 på følgende område;

- Arrangement
  - o Stort sett er alle arrangement avvikla etter terminlista
  - o Gode snøforhold i heile fylket
  - o Viktig at arrangementa i Fjord1 Cupen vert gjennomført etter terminlista
  - o Ordninga med to arrangement over ein dag har i hovusak fungert godt.
- Sonevise samlingar
- Deltakartal på krins- og sonerenn
- Sportslege resultat

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

### SAK 62 13-15

#### **Handlingsplan 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Handlingsplan 2014-2015 er vedlagt.

Komiteen oppdaterte status for handlingsplanen i møtet.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen tek saka til orientering.

### SAK 63 13-15

#### **Fjord1 samlingar 2015-2016**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen utarbeider rammer for Fjord1 samlingane sesongen 2015-2016.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen legg følgende rammer til grunn for det vidare arbeidet med Fjord1 samlingane 2015-2016:

<b>Fjord1 samlingar</b>	<b>Dato</b>	<b>Tal trenarar</b>
Fjord1 samling, Juvass	Juni	ARAN – 1 stk
Fjord1 samling, Sandane	August	Even Hole
Fjord1 samling, Folgefonna/Juvass	August	ARAN – 3 stk.
Fjord1 samling, Sogndal	September	Even Hole
Fjord1 samling, Jølster	September	Even Hole
Fjord1 samling, Hintertux	Oktober	ARAN – 2 stk.
Fjord1 samling, Førde	Oktober	Even Hole
Fjord1 samling, Breimsbygda	Oktober	Even Hole
Fjord1 samling, Hafjell	Nov./ des.	ARAN – 3 stk.
Fjord1 samling, Hafjell	Jan.	ARAN – 3 stk.
Fjord1 samling, S. og Fj.	Feb.	ARAN – 2 stk
Fjord1 samling, Hafjell	Feb./ mar.	ARAN – 2 stk

I samband med den vidare planlegginga av samlingane følgjer administrasjonen og sportsleg ansvarleg opp ARAN v/ Peter Lederer og Even Hole.

#### **SAK 64 13-15**

#### **Vårmøtet / Skikrinsting 2015**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har fastsett at Vårmøte og Skikrinstinget skal avviklast slik:

- Vårmøte 2015, fredag 05. juni (Thon Skei Hotell)
- Skikrinstinget 2015, laurdag 06. juni (Thon Skei Hotell)

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøte:

- Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Atle
- Sak 02) Evaluering av sesongen 2014-2015 v/ Atle
- Sak 03) Sportsleg opplegg sesongen 2015-2016 v/ Rune
- Sak 04) Trenarutdanning NSF v/ Einar Witteveen (må følgjast opp)
- Sak 05) Terminliste 2015-2016 v/
- Sak 06) Økonomi/ marked v/ Atle og Yngve

Eventuelt

#### **SAK 65 13-15**

#### **Økonomisk støtte i samband med representasjonsoppdrag**

##### **Bakgrunn**

Alpinkomiteen har ila. vinteren fått førespurnad om å yte økonomisk støtte til utøvarar som vert tekne ut til representasjonsoppdrag i regi av Norges Skiforbund.

##### **VEDTAK**

Alpinkomiteen gjer vedtak om å støtte utøvarar som vert uttekne til representasjonsoppdrag i regi av Norges Skiforbund med kr. 2 500,- pr. arrangement.

Ordninga er gjeldande f.o.m. sesongen 2014-2015.

#### **ORIENTERINGSSAKER**

#### **SAK 66 13-15**

#### **Status markedsarbeid 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Orientering v/ økonomi- og markedsansvarleg Atle Hamar og administrasjonen.

- Fjord1:  
Samarbeidsavtalen med Fjord1 går ut våren 2015, og ein er i prosess m.o.t. reforhandling.
- Frydenbø Bilsenter AS:  
Samarbeidsavtalen med Frydenbø Bilsenter AS er reforhandla for 3 nye år. Den økonomiske ramma er kr. xx xxx,- pr. år. Avtalen vart signert i april 2015.

- Ny samarbeidspartner:  
Ein er i dialog med ny aktuell samarbeidspartner m.o.t. markedsavtale for Sogn og Fjordane Skikrins, alpinksomiteen

#### **VEDTAK**

Alpinksomiteen tek saka til orientering.

#### **EVENTUELT**

##### **SAK 67 13-15**

#### **Styrking av egenkapital i AK**

##### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i framlagt årsrekneskap for 2014 vart det uttrykt uro knytt til at komiteen har noko marginale økonomiske ressursar.

Komiteen har i 2014 ei omsetjing i overkant av kr. 1 mill., og då vert resultatet på ca. kr. 6 500,- noko marginalt, spesielt om markedsinntektene skulle bli redusert.

#### **VEDTAK**

Alpinksomiteen gjer vedtak om at ein skal opparbeide seg ein egenkapital på kr. 200 000,- ila. perioden 2015-2018.

Dvs. at ein i denne perioden må budsjettere med ca. kr. 30 000,- i overskot pr. år.

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Lilly Schøyen (s)  
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. Sjef



<b>Vedlegg SAK 57 13-15      Rekneskap 2014</b>
---

Rekneskap 2014 er lagt ved som eige vedlegg.



**Vedlegg SAK 58 13-15    Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015**

Rekneskapsrapport pr. 14.04.2015 vert ettersendt.

<b>Vedlegg SAK 60 13-15</b>	<b>Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 05.02.2015</b>
-----------------------------	--

Alpinkomiteen@

Sakshand.: YT

Dato: 06.02.2015

Arkivk.: ak/møter/protokoll/13-15

<b>PROTOKOLL MØTE NR. 08 I ALPINKOMITEEN, 2013-2015</b>
---

**Stad:** Telefonmøte  
**Tidspunkt:** Onsdag, 05. februar 2015, kl. 21.30-22.15

**Sakliste**

**REFERATSAKER**

**RAPPORTERING**

**DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER**

**SAK 52 13-15** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 53 13-15** Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 18.11.2014  
**SAK 54 13-15** Lokalisering av Fjord1 samling, 20.-22.02.2015  
**SAK 55 13-15** Støtte til Andrine Mårstøl (Haugen IL) ifbm.  
representasjonsoppdrag for NSF 2015 – søknad frå Terje Mårstøl

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 56 13-15** Status markedsarbeid

**EVENTUELT**



- TIL STADES:** Lilly Schøyen, Atle Hamar, Olaf Betten og Yngve Thorsen (adm.)
- FORFALL:** Rune Espe og Martin Hopland.
- MERKNADER:** Atle Hamar deltok i møte til kl. 21.50.
- REFERENT:** Yngve Thorsen
- 

## REFERATSAKER

### RAPPORTERING

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

- SAK 52 13-15** **Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og agenda er sendt ut på førehand.

#### VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste

- SAK 53 13-15** **Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 18.11.2014**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå møte i alpinkomiteen 18.11.2014 er vedlagt.

#### VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll frå møte i alpinkomiteen, 18.11.2015

- SAK 54 13-15** **Lokalisering av Fjord1 samling, 20.-22.02.2015**  
**Bakgrunn**  
Alpinkomiteen har tidlegare planlagt å gjennomføre Fjord1 meisterskapssamling saman med ARAN 20.-22.02. 2015.

Ein har førebels ikkje konkludert kvar samlinga skal lokaliserast, og det vert fremma to aktuelle alternativ som komiteen må ta stilling til.

Alternativ nr. 1 er å gjennomføre samlinga lokalt i Sogn og Fjordane, medan alternativ nummer 2 er å gjennomføre samlinga på Kvittfjell/ Hafjell.

#### Vedtak

Alpinkomiteen gjer vedtak om at samlinga skal gjennomførast på Kvittfjell/ Hafjell.

Som ein merknad til vedtaket legg ein til at Atle Hamar føreslo at samlinga skulle gjennomførast lokalt ved anten Harpefossen Skisenter eller Stryn Skisenter. Evt. bør samlinga gjennomførast på Kvittfjell framfor Hafjell, m.a. med bakgrunn i kortare reiseavstand, samt rimelegare og betre butilhøve.

**SAK 55 13-15**

**Støtte til Andrine Mårstøl (Haugen IL) ifbm.  
representasjonsoppdrag for NSF 2015 – søknad frå Terje Mårstøl  
Bakgrunn**

Terje Mårstøl har sendt alpinkingomiteen ein søknad om økonomisk støtte ifbm. Andrine Mårstøl( Haugen IL) sitt representasjonsoppdrag (NSF) i Poka Loka 12.-16. februar 2015.

**Vedtak**

Alpinkingomiteen gjer vedtak om at søknaden vert handsama i samband med neste møte.

**ORIENTERINGSSAKER**

**SAK 56 13-15**

**Status markedsarbeidet  
Bakgrunn**

Atle Hamar (økonomi- og markedsansvarleg) orienterte saman adm. sjef om status i komiteen sitt markedsarbeid.

Samarbeidsavtalen med Frydenbø AS er reforhandla for tre nye år, medan ein fortsatt er i prosess når det gjeld reforhandling av samarbeidsavtalen med Fjord1.

**Vedtak**

Teke til orientering.

**EVENTUELT**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Lilly Schøyen (s)  
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef



<b>Vedlegg SAK 62 13-15    Handlingsplan 2014-2015</b>
--

Handlingsplan 2014-2015 er lagt ved som eige vedlegg.